



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

Møte/utvalg: Strategisk samarbeidsutvalg
Møteleiar: Mona Ryste
Referent: Bodil Haugen Våge
Møtenummer: 4/2022
Dato: 14.09.22
Tid: 10.00 – 15.30
Stad: Vestnes Fjordhotell

Varamedlemar møter berre ved særskilt innkalling.

Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Renate Rossi-Kaldhol	Leiar LSU Volda Seksjonsleiar Ørsta kommune	Avbod
Mona Ryste <i>Leiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	Ja
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	Avbod
Siri Talseth-Frilund,	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	Inge Ødven
LSU Molde		
Tanja Thalen <i>Nestleiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	Ja
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	Ja
LSU Kristiansund		
Ingeborg Johnsrud Dyrnes	Leiar LSU Kristiansund Kommunalsjef helse, Smøla kommune	Ja
Kjell Åsmund Bryn	Nestleiar LSU Kristiansund Seksjonsleder BUP Kristiansund klinikk SNR	Gudrun Karlsen
Brukerrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeningen)	ja
Brukerrepresentant helseforetak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukerutvalget HMR	ja
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	ja
Fast vara fastlegar/PK		
Thilde Svela	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	ja
Observatør Statsforvaltaren		
Grethe Teigland	Direktør Helse- og sosialavdelinga	avbod
Felles samarbeidssekretariat		



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, leiar Felles samarbeidssekretariat	ja
Karethe K. Aam	Rådgivar Kommunikasjon og Samhandlingsavdelinga HMR	ja
Alf Reistad	Romsdal Regionråd dagleg leiar (ROR), nestleiar Felles samarbeidssekretariat	ja
Bjørn Buan	Nordmøre interkommunalt politisk råd (IPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	ja
Bodil Haugen Våge	Samhandlingskoordinator Nordre Sunnmøre Rådgivar Ålesund kommune	ja
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinatoren Søre Sunnmøre	ja
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	ja

Referat

Sak nr.	Sak	Ansvarleg
24/22	<p>Velkommen Godkjenning av innkallinga</p> <p>Referat: Godjend</p>	Mona Ryste
25/22	<p>Godkjenning av referat fra forrige møte</p> <p>Sjå referatet HER</p> <p>Referat: Godkjent</p>	Mona Ryste
26/22	<p>Handlingsplan helsefremmende og forebyggende arbeid</p> <p>Referat: Korleis samarbeide med frivilligheten? For eksempel Pensjonistforbundet. Kan vere arenaer å bygge opp helsekompetanse hos befolkninga i. Det synest viktig å satse på helsekompetanse, førebygging og tilbod på tvers av kommunar.</p> <p>Forslag til vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Strategisk samarbeidsutval gir honnør for arbeidet som er lagt ned i arbeidet med handlingsplanen for helsefremming og førebyggende helsearbeid av det faglege samarbeidsutvalet og gjennom innspel frå dei lokale samarbeidsutvala. 2. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for helsefremming og førebyggende helsearbeid slik den er framlagt. 3. Strategisk samarbeidsutval ber om at innspela som kjem fram møtet i Strategisk samarbeidsutval 14.09.22 blir vurdert. innarbeidd i handlingsplanen eller ved rulling/revisjon. 4. Strategisk samarbeidsutval tilrår at både kommunane og Helse Møre og Romsdal HF gjer planen kjent for sine tilsette for å sikre eigarskap og etterleving av planen. <p>Vedtak:</p>	Eli Bente Langva og Merete B. Kløvning



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

	<p>Utvalet innarbeidar ei setning i handlingsplanen knytt til samarbeidet med frivillige organisasjonar i planen.</p> <p>Forslaget til vedtak vert støtta.</p> <p>Punkt 2 og 3 kan slåast saman i vedtaket slik:</p> <p>2. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for helsefremming og førebyggande helsearbeid slik den er framlagd, men ber om at innspela som kjem fram møtet i Strategisk samarbeidsutval 14.09.22 blir innarbeidde i handlingsplanen.</p> <p>Lenke Faglig samarbeidsutval for samarbeid om helsefremming og førebyggande helsearbeid - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no)</p>	
27/22	<p>Handlingsplan Vaksenhabilitering</p> <p>Referat:</p> <p>Det har vore ei utfordring at medlemmar i gruppa ikkje møter i gruppemøte. Det har difor vore få personar som har fått handlingsplanen i hamn. Dette må følgast opp i Helsefellesskapet. Temaet burde interessere ettersom dette er grupper som er krevjande både fagleg og økonomisk. Fastlegane er bekymra ift fastlegemangelen og vikarbruk her ettersom det i denne gruppene krevst mykje arbeid med relasjoner.</p> <p>Forslag til vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Strategisk samarbeidsutval gir honnør for arbeidet som er lagt ned i arbeidet med handlingsplanen for Vaksenhabilitering både av det faglege samarbeidsutvalet og gjennom innspel frå dei lokale samarbeidsutvala. 2. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for Vaksenhabilitering slik den er framlagd. 3. Strategisk samarbeidsutval ber om at innspela som kjem fram møtet i Strategisk samarbeidsutval 14.09.22 blir vurdert innarbeidd i handlingsplanen eller ved rullering/ revisjon. 4. Strategisk samarbeidsutval tilrår at både kommunane og Helse Møre og Romsdal HF gjer planen kjent for sine tilsette for å sikre eigarskap og etterleving av planen. <p>Vedtak:</p> <p>Forslaget til vedtak vert støtta.</p> <p>Punkt 2 og 3 kan slåast saman i forslag til vedtak slik:</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for helsefremming og førebyggande helsearbeid slik den er framlagd, men ber om at innspela som kjem fram møtet i Strategisk samarbeidsutval 14.09.22 blir innarbeidde i handlingsplanen. <p>Lenke Faglig samarbeidsutval for vaksenhabilitering - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no)</p>	Ina K. Greve og Torill M. Hjelseth
28/22	<p>Retningslinje for følgeperson ved innlegging i sykehus</p> <p>Referat:</p> <p>Retningslinja har fokus på tilsette i kommunane og økonomi og vil løyse viktige spørsmål som begge partar er opptekne av.</p> <p>Viktig å ha fokus på korleis ivareta pasienten på ein god nok måte og kva er til beste for pasienten?</p>	Oddvar Marøy



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

	<p>Retningslinjene bør evaluerast. Ein bør jobbe meir med ansvar, roller og dokumentasjon/journalføring knytt til at helsepersonell frå kommunane yter helsehjelp inne i sjukehus.</p> <p>Ei anna sak er at helsepersonell frå spesialisthelsetenesta kjem ut i kommunane å driv «heimesykehushus» i pasienten sin heim. Kva vert forventa av fastlegar og helsepersonell i kommunane i slike tilfelle og korleis skal informasjons- og dokumentasjonsflyten vere?</p> <p>Forslag til vedtak: SSU godkjenner retningslinene for kommunale følgjepersonar slik desse ligg føre, jmf. vedlegg.</p> <p>Vedtak: Forslag til vedtak er godkjent.</p> <p>Lenke Retningsline når personar med spesielle oppfølgingsbehov vert innlagt ved HMR - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no)</p>	
29/22	<p>Møteplan 2023</p> <p>Vedtak: Møteplanen er godkjend.</p> <p>Ein oppfordrar både dei faglege utvalga og LSUane til å avholde sine møter i god tid før SSU møta.</p>	Karethe K. Aam
30/22	<p>Statistikk over aktivitetsutvikling og ressursbruk innan helse- og omsorg</p> <p>Korleis løyer vi dette?</p> <p>Bakgrunn: <i>Partnerskapet har bedt SSU om å arbeide videre med å etablere løypande statistikk over aktivitetsutvikling og ressursforbruk innan helse- og omsorgstenester i Helsefellesskapet Møre og Romsdal.</i> Ref. Sak 4-22 i Partnerskapsmøte 11.05.22</p> <p>Referat: Tidsfaktoren i dette arbeidet er viktig for kommunane i fylket ettersom kostnadane som kjem fram når det gjeld KOSTRA tala er aukande.</p> <p>Forslag til vedtak i SSU: <i>SSU forstår mandatet slik at Partnerskapsmøte ynskjer å sette fokus på styringsinformasjon når det gjeld aktivitetsutvikling og ressursbruk i kommunar og helseføretak i Helsefellesskap Møre og Romsdal.</i></p> <p>Partnerskapsmøte skal orienterast om status for SSU sitt arbeid.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Utvida Partnerskapsmøte 26.10.22: SSU inviterer ein representant frå Helsedirektoratet til å orientere om framdrifta i arbeidet med å framskaffe enkle indikatorar frå eksisterande nasjonale register for å vise utviklinga når det gjeld aktivitet, kostnader, ressursbruk og kvalitet i tenestane for kvar av partane separat, og samla, slik at det heilskaplege og samfunnsøkonomiske 	Bodil H. Våge Bjørn Buan



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

	<p>perspektivet ivaretakast. Fastlegestatistikk skal inngå i denne oversikten.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Utvida Partnerskapsmøte 26.10.22 vert orienterte om framdrifta i KS sitt initiativ når det gjeld kostnadsveksten innan pleie- og omsorgstenester i fylket. 3. Partnerskapsmøte våren 2023: SSU inviterer ein eller fleire forskrarar som har følgd Samhandlingsreforma i forhold til kva som har fungert og kva som må settast fokus på <p>Vedtak: Forslag til vedtak er godkjent.</p>	
31/22	<p>Årlig rapport samhandlingsavvik 2021</p> <p>Referat: Bra at vi har fått ein rapport på avvik. Målet er at vi skal bli betre. Kultur er av betydning ift melding av avvik. Helseføretaket arbeider med betre kategorisering av avvik. Veldig god rapport utarbeidd av Samhandlingsavdleinga i HMR HF. Fleire tilbakemeldingar frå SSU ift at statistikk når det gjeld overliggerdøgn/ utskrivingsklare pasientar er nyttig, men er regulert av Samarbeidsavtalen og Forskrift om kommunal betaling osv. og høyrer ikkje heime i ein rapport om samhandlingsavvik.</p> <p>Forslag til vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek årsrapport for samhandlingsavvik mellom HMR og kommunane for 2021 til orientering. 2. SSU ber samarbeidssekretariatet om å avklare korleis det vidare arbeidet med rapportering av samhandlingsavvik i Helsefellesskapet skal gjerast. 3. SSU forventar at LSU jobbar aktivt med å ha oversikt over samhandlingsavvik som blir meldt, samt prioriterer områder og tiltak for forbetring. Dette jf. Samarbeidsavtalens hovudavtalepunkt 5.3.3 a) b) og c). <p>Vedtak: Forslag til vedtak er godkjent.</p>	Karethe K. Aam
32/22	<p>Barneblikk</p> <p>Referat: Mette Grytten frå Helse Møre og Romsdal legg fram Barneblikksatsinga, ilag med Manuela Strauss, også frå HMR HF, som også er med i styringsgruppa for Barneblikk.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barneblikksatsinga har fokus på førebygging. - Klinikk for barn og unge har avgjort at dei ynskjer å satse på dette i den hensikt å førebygge ytterlegare auke i henvisning til BUP. - Bør denne satsinga inkluderast i arbeidet knytt til Barn og unges helsetjeneste? - Ein kan også henvise gravide til dette tilbodet, men kan vere vanskeleg å nå. 	Mette Grytten



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

	<ul style="list-style-type: none"> - Det vert spurt og reflektert knytt til om dette blir ein del av Barn og unges helsetjeneste. <p>Forslag til vedtak:</p> <p>Forslag til avgjerd til SSU:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. Fagleg samarbeidsutval barn og unge tilrår at Barneblikk vidareførast i tråd med anbefalingane i evalueringssrapport frå 2022. b. Tilrår ei gradvis breidding av tilbodet til kommunane i fylket, og at det vert utarbeidd ein modell for utviding. c. Støttar utarbeidning av ny avtale om Barneblikk-satsinga basert på vurderingar til Helsefellesskapa. Ny avtale skal gjelde frå 01.01.2023. <p>Vedtak:</p> <p>Forslag til vedtak frå Barneblikk vert ikkje godkjent.</p> <p>SSU gjer vidare følgande vedtak:</p> <p>Strategisk samarbeidsutval (SSU) tek saka om Barneblikk til orientering.</p> <p>SSU stiller seg positive til vidare satsing og breidding av tilbodet og oppmodar Fagleg samarbeidsutval for born og unge til å vurdere Barneblikk i den heilskaplege satsinga for born og unge sine helseteneste i Møre og Romsdal.</p> <p>Fagleg samarbeidsutval for born og unge rapporterer tilbake til SSU</p>	
33/22	<p>Evt. Prinsipiell diskusjon om hvilke enkeltsaker vi kan ta inn i SSU.</p> <p>Referat:</p> <p>Ein diskuterer kva saker som skal prioritert i SSU.</p> <p>Leiar for SSU løfter fram dei fire prioriterte pasientgruppene og rapportane som Helsedirektoratet har laga som eit viktig grunnlag for vidare arbeid.</p> <p>Det er behov for å sjå på både Handlingsplan for Helsefellesskapet og på evaluering av Samarbeidsavtalen.</p> <p>Sekretariatet ynskjer innspel ift prioritering av saker.</p> <p>Det kan vere nyttig å få innspel på korleis ein nasjonalt i SSUane i andre Helsefellesskap arbeider og prioriterer.</p>	
34/22	<p>Eventuelt:</p> <p>Sak:</p> <p>Arbeidsgruppa som arbeider med Pakkeforløp Kreft ynskjer å få utsette fristen for arbeidet.</p> <p>Vedtak:</p> <p>SSU ynskjer orientering ift framdrifta i arbeidet i novembermøtet.</p> <p>SSU utsetter fristen for ferdigstilling av arbeidet til mars.</p>	